

STYREMØTEREFERAT

30.sept. 2020 kl. 18 på biblioteket.

Desse møtte: Solveig, Bjørg, Nelly, Mette Marie, Sunneva.

- Sak 60/-20 Referat og orienteringar
*Helsesista har vore her. VBK skal betale ein del av kostnaden.
*Valnemnda er i arbeid.
*Kafegruppa: På grunn av koronaen får kafegruppa litt endra aktivitetar.
Vigdis tek ansvar for aktivitet på VTS frå VBK.
Før jul har laget ansvar for aktivitet (besøksvertar på sjukeavdelinga)
to gonger.
- Sak 61/20 Verdas matvaredag fredag 16.okt., arbeid og ansvar
Lammegryte tillaging, utdeling: Mette ansvarleg.
Plass: Utanfor bakeriet, ev. samarbeide med Hillevi - ho kan bake noko som passar.
Bord: Solveig ansvarleg.
Varmeplate: Nelly og Mette ansvarlege.
Plastduk: Nelly og Bjørg ansvarlege.
Rollup, brosjyrer: Mette ansvarleg.
Beger ca.60, skeier, serviettar, T-skjorter, forkle, kokkelue?: Mette og Solveig.
Song? - Astrid
Gitarist? Mette Valdal spørje Kulturskuleelevar? (Dei får litt for det).
Saueskinn: Bjørg og Nelly ansvarlege.
***Rigging kl. !3.30, Smaksprøver 14.30 - 17.
Frammøte: Styremedlemer og Kafegruppemedlemer
Mange kan møte, visest betre, kan kjøpe seg kaffi hos Hillevi og bytest på å hjelpe til.
Omtale i avisa veka før - Solveig.
Annonse same veka - Bjørg.
- Sak 62/20 Årsmøte
Torsdag 5.nov. kl. 18
Jordbærstova er tinga. Mat: Tallerkenrett og kake - Bjørg ansvarleg.
Laget sponsar 100 [kr.pr.](#) person.
Årsmelding, høgtalar - Solveig.
Rekneskap - Nelly.
Ordstyrar - Mette Valdal blir spurd.
Val: Valnemnda orienterer, ordstyrar tek valet.
Musikk - Bjørg spør Andreas Ødegård el. kulturskuleelevar?
Invitere fylkesstyrefadder el. fylkesleiar.
Gevinstar - Styret, Mette? kjøper inn.
- Sak 63/20 Eventuelt
*Aktivitetsgruppa
Framlegg om å velje 5 styrevara til saman.
Då kan ev. varafolk vere aktivitetsgruppe og få vere meir aktive i laget.

*Kvinner ut
Vedtak om at VBK deltek ikkje denne siste runden.

Sunneva Linge skriavar